

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	Vestland ungdomsutval
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte
<b>Dato:</b>	09.06.2021
<b>Tid:</b>	17:00-19:00

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Mia Holdhus	Leiar	
Emilie Mortvedt Troland	Nestleiar	
Sander Eide Aase	Medlem	
Hallvard Olav Gjerland Lervik	Medlem	
Matilde Myklatun Hole	Medlem	
Marius Helgheim Ahmt	Medlem	

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Synne Skulstad Birkhaug	Medlem	
Inger Christin Hystad Barane	Medlem	
Emil Øvretveit	Medlem	

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Maren Sævild	Synne Skulstad Birkhaug	
Michal Jan Niedzwiecki	Emil Øvretveit	
Ingrid Hjartåker Wigand Lien	Inger Christin Hystad Barane	
Theodor Solheim Gjenga		

**Merknader****Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Arild Knapskog	Rådgevar / møtesekretær, politisk sekretariat

<b>Saksliste</b>			
<b>Utvals-</b> <b>saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv-</b> <b>saksnr</b>	<b>U.Off</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 9/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 10.05.2021	2019/82	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 16/21	Erfaringar frå arbeid med skulemiljøsaker i vidaregåande skule	2021/20150	
RS 17/21	Planlagde politiske saker i folkevalde organ - hausten 2021	2020/77152	
RS 18/21	Oppfølging av råda frå ungdommens distriktspanel	2019/82	
RS 19/21	Økonomisk støtterordning i regi av LNU	2019/82	
RS 20/21	Miljøløftet, handlingsprogram for perioden 2022-2025	2019/82	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 20/21	Tilhøve for ungdom på hybel	2020/77152	
PS 21/21	Kulturkort for ungdom	2020/77152	
PS 22/21	Framtidig nettopplæringstilbod for elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune	2020/77152	
PS 23/21	Fv. 500 Folgefonntunnelen - Årsnes, tunnel og vegutbedring - godkjenning av byggestart	2019/82	
PS 24/21	Seriøsitetsskrav i Vestland fylkeskommune - Oppfølging av vedtak	2019/82	
PS 25/21	Varsel om politisk sak: Folkehelseprofilar 2021. Oppdatering av status i Vestland	2021/17686	
PS 26/21	Høyring planprogram for regional klimaplan for Vestland	2019/82	
PS 27/21	Varsel om politisk sak: Koronaundersøkinga i Vestland 2020. Utvalde resultat frå FHI si nasjonale undersøking	2020/79521	
PS 28/21	Val av representant til arbeidsgruppe nasjonalt ungdomsråd		

## Godkjenningssaker

### **GK 9/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 09.06.2021**

Vestland ungdomsutval vedtok samrøystes å sette saka PS 28/21 «Val av representant til arbeidsgruppe nasjonalt ungdomsråd» på sakslista til møtet.

Innkalling og sakliste vart godkjent med merknaden ovanfor.

### **GK 10/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 10.05.2021**

**Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 09.06.2021**

Møteprotokoll frå førre møte vart godkjent.

## Referatsaker

### **RS 16/21 Erfaringar frå arbeid med skulemiljøsaker i vidaregåande skule**

**Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 09.06.2021**

Saka vart referert.

### **RS 17/21 Planlagde politiske saker i folkevalde organ - hausten 2021**

**Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 09.06.2021**

Saka vart referert.

### **RS 18/21 Oppfølging av råda frå ungdommens distriktspanel**

**Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 09.06.2021**

Saka vart referert.

### **RS 19/21 Økonomisk støtterordning i regi av LNU**

**Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 09.06.2021**

Saka vart referert.

### **RS 20/21 Miljøløftet, handlingsprogram for perioden 2022-2025**

**Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 09.06.2021**

Saka vart referert.

## Politiske saker

### PS 20/21 Tilhøve for ungdom på hybel

Forslag til vedtak

Utvalet/rådet gjev følgjande uttale:

#### Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF ber fylkestinget vere særleg merksam på elevar som har ei funksjonsnedsetting, og som må bu på hybel for å gå på vidaregåande skule. Behov for hjelp, tilrettelegging og rådgjeving kan vere meir samansett, og sjansen for at ein isolerer seg og ikkje deltar på aktivitetar både i skuletida og utanfor skulen kan vere større.

Vi støttar derfor at det er avgjerande å ha kompetente vaksne, helst i ein fast struktur som sikrar at ansvaret ikkje smuldrar opp, for å kunne arbeide systematisk og målretta med å betre hybelbuarane sine tilhøve.

#### Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RMNF ber fylkestinget vere særleg merksam på elevar som har ei funksjonsnedsetting, og som må bu på hybel for å gå på vidaregåande skule. Behov for hjelp, tilrettelegging og rådgjeving kan vere meir samansett, og sjansen for at ein isolerer seg og ikkje deltar på aktivitetar både i skuletida og utanfor skulen kan vere større.

Vi støttar derfor at det er avgjerande å ha kompetente vaksne, helst i ein fast struktur som sikrar at ansvaret ikkje smuldrar opp, for å kunne arbeide systematisk og målretta med å betre hybelbuarane sine tilhøve.

#### Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 09.06.2021

**Sander Eide Aase** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Det er svært viktig at ein tek i vare alle elevar ved våre vidaregåande skular, også dei som bur på hybel. Vestland Ungdomsutval stiller seg difor bak fylkesrådmannen si innstilling og vil at denne saka vert høgt prioritert.»

#### Avrøysting

Aase sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Uttale frå Vestland ungdomsutval

Det er svært viktig at ein tek i vare alle elevar ved våre vidaregåande skular, også dei som bur på hybel. Vestland Ungdomsutval stiller seg difor bak fylkesrådmannen si innstilling og vil at denne saka vert høgt prioritert.

### PS 21/21 Kulturkort for ungdom

Forslag til vedtak

Rådet/utvalet gjev følgjande uttale:

#### Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

**Kjell Gitton Håland (A)** sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF støttar tilrådinga frå KULII. Det er vesentleg at et evt tiltak som vert innførte kan nyttast av alle, også dei som treng ekstra tilrettelegging for å delta.

Fylkeskommunen må tilby følgjekort/ledsagerbevis. Og det må vere ein føresetnad for fylkeskommunal kulturstøtte at arrangør godtek følgjekort/ledsagerbevis, og elles legg til rette for universell deltaking.

#### **Avrøysting**

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

RMNF støttar tilrådinga frå KULII. Det er vesentleg at eit evt. tiltak som vert innført kan nyttast av alle, også dei som treng ekstra tilrettelegging for å delta.

Fylkeskommunen må tilby følgjekort/ledsagerbevis. Og det må vere ein føresetnad for fylkeskommunal kulturstøtte at arrangør godtek følgjekort/ledsagerbevis, og elles legg til rette for universell deltaking.

#### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 09.06.2021**

**Mia Holdhus** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Vestland Ungdomsutval ønskjer på det sterkaste at fylkeskommunen skal prioritera arbeid med kulturkort, og arbeide for at det skal kunna realiserast. Dersom det absolutt ikkje er mogleg med eit kulturkort grunna økonomiske utfordringar, er det ynskjeleg at ein arbeider for andre løysingar som bidrar til meir tilgjengeleg kulturtilbod for ungdom.»

#### **Avrøysting**

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale frå Vestland ungdomsutval**

Vestland Ungdomsutval ønskjer på det sterkaste at fylkeskommunen skal prioritera arbeid med kulturkort, og arbeide for at det skal kunne realiserast. Dersom det absolutt ikkje er mogleg med eit kulturkort grunna økonomiske utfordringar, er det ynskjeleg at ein arbeider for andre løysingar som bidrar til meir tilgjengeleg kulturtilbod for ungdom.

#### **PS 22/21 Framtidig nettopplæringstilbod for elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune**

Forslag til vedtak

Rådet/utvalet gjev følgjande uttale:

#### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021**

**Gunn Åmdal Mongstad (Sp)** sette på vegner av Sp, A, Krf, H, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF er svært positiv til ei utvikling av eit likeverdig nettbasert opplæringstilbod til elevar og lærlingar. For vår gruppe er det viktig at fylket har kompetanse på den enkelte sine utfordringar og slik kan gje godt tilpassa opplæring og tilgang til riktige og universelle hjelpemiddel.

RMNF vil samtidig peike på behovet alle har for å vere del av eit klasse miljø, og at den sosiale sida i ein læringssituasjon ikkje må prioriterast ned.»

#### **Avrøysting**

Mongstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

RMNF er svært positiv til ei utvikling av eit likeverdig nettbasert opplæringstilbod til elevar og lærlingar. For vår gruppe er det viktig at fylket har kompetanse på den enkelte sine utfordringar og slik kan gje godt tilpassa opplæring og tilgang til riktige og universelle hjelpemiddel.

RMNF vil samtidig peike på behovet alle har for å vere del av eit klassemiljø, og at den sosiale sida i ein lærings situasjon ikkje må prioriterast ned

#### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 09.06.2021**

**Mia Holdhus** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Vestland Ungdomsutval stiller seg bak forslaget til Fylkesutvalet, fordi det er utruleg viktig å ha eit godt nettbasert opplæringstilbod i fylkeskommunen. VU meiner også at det å ha eit godt nettbasert opplæringstilbod kan bidra med å halda ungdom i distrikta ettersom ein får tilgang til dei faga ein er interessert i utan å måtte flytte langt bort til ein skule. I tillegg kan det vera positivt med moglegheit for ei nettbasert opplæring for elevar som slit med å møte på skulen av ulike grunnar. Dette er ei sak som også VU kjem til å arbeide med vidare.»

#### **Avrøysting**

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale frå Vestland ungdomsutval**

Vestland ungdomsutval stiller seg bak forslaget til Fylkesutvalet, fordi det er utruleg viktig å ha eit godt nettbasert opplæringstilbod i fylkeskommunen. VU meiner også at det å ha eit godt nettbasert opplæringstilbod kan bidra med å halda ungdom i distrikta ettersom ein får tilgang til dei faga ein er interessert i utan å måtte flytte langt bort til ein skule. I tillegg kan det vera positivt med moglegheit for ei nettbasert opplæring for elevar som slit med å møte på skulen av ulike grunnar. Dette er ei sak som også VU kjem til å arbeide med vidare.

#### **PS 23/21 Fv. 500 Folgefonntunnelen - Årsnes, tunnel og vegutbedring - godkjenning av byggestart**

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval gjev følgjande uttale:

#### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 09.06.2021**

**Sander Eide Aase og Mia Holdhus** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Vestland Ungdomsutval er glad for at dette prosjektet kjem i gang, det er viktig for oss med ras- og trafikksikre vegar i heile fylket. Me håpar på fleire slike saker!»

#### **Avrøysting**

Aase og Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale frå Vestland ungdomsutval**

Vestland Ungdomsutval er glad for at dette prosjektet kjem i gang, det er viktig for oss med ras- og trafikksikre vegar i heile fylket. Me håpar på fleire slike saker!

#### **PS 24/21 Seriositetskrav i Vestland fylkeskommune - Oppfølging av vedtak**

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval gjev følgjande uttale:

#### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 09.06.2021**

**Sander Eide Aase** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Vestland Ungdomsutval stiller seg positive til fylkesrådmannen si innstilling og ser fram til å møta på mange flinke lærlingar på fylket sine bygg og anleggsprosjekt.»

#### **Avrøysting**

Aase sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale frå Vestland ungdomsutval**

Vestland Ungdomsutval stiller seg positive til fylkesrådmannen si innstilling og ser fram til å møta på mange flinke lærlingar på fylket sine bygg og anleggsprosjekt.

### **PS 25/21 Varsel om politisk sak: Folkehelseprofilar 2021. Oppdatering av status i Vestland**

Forslag til vedtak

1. Utvalet/ rådet gir slik uttale [...] :

#### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 05.05.2021**

**Trude Brosvik (Krf)** sette fram slikt forslag:

«På same måte som aktivitet for eldre har eiga merksemd, bør det også vere slik for menneske med nedsett funksjonsevne. Auka deltaking frå denne gruppa i helsefremmande aktivitetar vil som regel krevje meir tilrettelegging. Det er derfor viktig at fylket skaffar seg eit godt kunnskapsgrunnlag.»

#### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

På same måte som aktivitet for eldre har eiga merksemd, bør det også vere slik for menneske med nedsett funksjonsevne. Auka deltaking frå denne gruppa i helsefremmande aktivitetar vil som regel krevje meir tilrettelegging. Det er derfor viktig at fylket skaffar seg eit godt kunnskapsgrunnlag.

#### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 10.05.2021**

**Mia Holdhus** sette fram slikt forslag:

«Utval for Opplæring og kompetanse i samband med leiarduo får ansvar for å skrive uttale før saka skal i opp i hovudutvala 25.mai.»

#### **Avrøysting**

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Utval for Opplæring og kompetanse i samband med leiarduo får ansvar for å skrive uttale før saka skal i opp i hovudutvala 25.mai.

#### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

#### **Avrøysting**

#### **Vedtak**

#### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 09.06.2021**

**Mia Holdhus** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Utval for opplæring og kompetanse i samband med leiarduo får ansvar for å skrive uttale innan laurdag 12. juni.»

### **Avrøysting**

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Utval for opplæring og kompetanse i samband med leiarduo får ansvar for å skrive uttale innan laurdag 12. juni.

## **PS 26/21 Høyring planprogram for regional klimaplan for Vestland**

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval kjem med følgjande uttale:

---

### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 10.05.2021**

**Sander Eide Aase** sette fram slik utsetjingsforslag:

«Utval for næring og innovasjon lagar eit utkast til uttale som vert teke opp og ferdigstilt i junimøtet»

### **Avrøysting**

Eide Aase sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Utval for næring og innovasjon lagar eit utkast til uttale som vert teke opp og ferdigstilt i junimøtet.

### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 09.06.2021**

**Michal Niedzwiecki** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Me i Vestland Ungdomsutval synst at planen for regional plan for klima inneheldt mange gode punkt. Denne prioriteringa som blir gjort er på mange måtar funksjonell. Det er viktig for ungdommen at Vestland fylkeskommune har ei berekraftig utvikling, der ein tenker at framtidige behov også skal kunne dekkast. Målet om null klimautslepp stiller me oss veldig positive til. Ein ting som vi ungdommen savna litt i planen er det med å minske matsvinn. Ved å redusere matsvinn i Vestland kan ein få ned produksjonen av mat, og dermed redusere utsleppa meir.»

### **Avrøysting**

Niedzwiecki sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Uttale frå Vestland ungdomsutval**

Vestland ungdomsutval synst at plan for regional plan for klima inneheldt mange gode punkt. Denne prioriteringa som blir gjort er på mange måtar funksjonell. Det er viktig for ungdommen at Vestland fylkeskommune har ei berekraftig utvikling, der ein tenker at framtidige behov også skal kunne dekkast. Målet om null klimautslepp stiller me oss veldig positive til. Ein ting som ungdommen saknar i planen er det med å minske matsvinn. Ved å redusere matsvinn i Vestland kan ein få ned produksjonen av mat, og dermed redusere utsleppa meir.

## **PS 27/21 Varsel om politisk sak: Koronaundersøkinga i Vestland 2020. Utvalde resultat frå FHI si nasjonale undersøking**

Forslag til vedtak:

Utvalet/ rådet gir slik uttale [...]:

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021**

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF vil peike på at utfordringane til grupper med nedsett funksjonsevne kanskje ikkje kjem godt nok fram i FHI si undersøking, og dermed ikkje i saka eller foreslåtte tiltak.

FFO har på grunnlag av ei spørjeundersøking til sine medlemmer laga ein rapport som vart lagt fram som RSsak 8/21 for RMNF i møte 24.03.21. Vi ber om at denne vert teken med i vidare vurdering og arbeid. Og at fylkeskommunen som tenesteytar har ei eiga sak på korleis dei har klart å ivareta tenestene til menneske med nedsett funksjonsevne gjennom pandemien, og kva målretta tiltak for oppfølging som vil gjelde inn mot desse innbyggerane.

Vedlegg: FFO sin rapport

### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

RMNF vil peike på at utfordringane til grupper med nedsett funksjonsevne kanskje ikkje kjem godt nok fram i FHI si undersøking, og dermed ikkje i saka eller foreslåtte tiltak.

FFO har på grunnlag av ei spørjeundersøking til sine medlemmer laga ein rapport som vart lagt fram som RS-sak 8/21 for RMNF i møte 24.03.21. Vi ber om at denne vert teken med i vidare vurdering og arbeid. Og at fylkeskommunen som tenesteytar har ei eiga sak på korleis dei har klart å ivareta tenestene til menneske med nedsett funksjonsevne gjennom pandemien, og kva målretta tiltak for oppfølging som vil gjelde inn mot desse innbyggerane.

Vedlegg: FFO sin rapport

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 10.06.2021**

#### **Avrøysting**

#### **Vedtak**

### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 09.06.2021**

**Mia Holdhus** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Vestland ungdomsutval tek saka til vitande.»

#### **Avrøysting**

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale frå Vestland ungdomsutval**

Vestland ungdomsutval tek saka til vitande.

### **PS 28/21 Val av representant til arbeidsgruppe nasjonalt ungdomsråd**

#### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 09.06.2021**

Vestland ungdomsutval vedtok samrøystes å sette saka PS 28/21 «Val av representant til arbeidsgruppe nasjonalt ungdomsråd» på saklista til møtet.

**Mia Holdhus** sette fram slikt forslag:

(a) «Ingrid Hjartåker Wigand Lien vert vald som VU sin representant til arbeidsgruppe nasjonalt ungdomsråd.»

(b) «Theodor Solheim Gjenga vert vald som VU sin representant til arbeidsgruppe nasjonalt ungdomsråd»

- (c) «Sander Eide Aase vert vald som VU sin representant til arbeidsgruppe nasjonalt ungdomsråd»

**Avrøysting**

Holdhus sitt forslag (a) fekk 4 røyster og fall.

Holdhus sitt forslag (b) fekk ingen røyster og fall.

Holdhus sitt forslag (c) fekk 5 røyster og vart vedteke.

**Vedtak**

Sander Eide Aase vert vald som VU sin representant til arbeidsgruppe nasjonalt ungdomsråd.

Ingrid Hjartåker Wigand Lien vert vald som vararepresentant.